

Norstrand Eiendomsrådgivning As
Storebotn 10
5309 Kleppestø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8110 - 22/93373

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2022

Endra løyve til seksjonering-gbnr 123/150 Risa

Administrativt vedtak: Saknr: 1399/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 123. bnr 150, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 3-4 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebroken- 1/2.

Dei to seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med carport som skilje mellom seksjonane. Det er tilleggsareal B i form av carportar for begge seksjonar.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 123/150 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har 07.11.22 motteke søknad, datert 21.10.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 123/150 med adressene Storhaugen 45A og 45B. Det vart sendt ut vedtak og løyve 17.11.22. I ettertid har det vist seg at eigedommen har vore seksjonert tidlegare – oppretta i 2011 og sletta 2014.

Seksjonsnumera i søknaden er no endra av kommunen 07.12 frå 1 og 2 til 3 og 4 etter avtale med innsendar Norstrand.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av Kjede/ atriumhus (vertikaldelt tomannsbustad) sak 20/3641.

Vurdering

Då det tidlegare (i 2011) har vore seksjonering av eigedommen der seksjonnummer 1 og 2 vart brukt, må den nye seksjoneringa ha seksjonnummer 3 og 4. Det er ikkje høve til bruk om att brukte seksjonsnummer.

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar (2 eks er nok) og har følgjande vedlegg:

- Situasjonskart som tydeleg viser eigedomsgrenser, men ikkje plassering av seksjonane. Kommunen har utarbeidd nytt situasjonskart der Snr 3 og 4 er tydeleg påteikna.
- Plan-teikningar (3 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan samt frittliggende carport til snr 4. (TB4)
- Vedtekter (forslag til) for sameiet Storhaugen 45A/B-gnr. 123. bnr 150, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- **Det er uråderett på eigedommen og Fana Sparebank Eigedom AS må senda inn samtykke til seksjonering før seksjoneringa kan sendast tinglysing.**
- Søknaden er sendt inn av Nordstrand Eiendomsrådgivning AS v/Jørn- Andre Norstrand og signert for eigar Norgeshus VNG Eiendomsutvikling AS av styrets leder Yngve Jacobsen, som har signaturrett.

I fylgjebrev står opplyst at plassering av stoppekran og sikringsskap ikkje er endeleg avgjort, men at det vert bekrefta at det skal plasserast i fellesareal eller i eigen seksjon. Då det ikkje er fellesareal bygg her, må slikt plasserast i kvar enkelt seksjon.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg og rettingar av seksjonsnummer frå 1 og 2 til 3 og 4, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8110»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ny søknad om seksjonering GBNR 123-150- godkjent
Situasjonskart seksjonering 123-150_500
Seksjoneringsteikningar GBNR 123-150 Snr 3-4

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning As Storebotn 10 5309 Kleppestø